



Arkivnr: 2015/7997-1

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2015

### Rekneskapsrapport pr. juni 2015.

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga etter 1. halvår 2015.

Årsprognosen etter fyrste halvår er eit negativt budsjettavvik på 40 mill. kr. Dette er ein justering av prognosen som vart lagt til grunn i rapport for 1.tertial som vart handsama i fylkestinget i juni. Det vart då rekna med eit negativt avvik på 50 mill. kr. Den betra årsprognosen for fylkeskommunen skuldast at prognose for skatteinngang er endra, og betra, med omlag 10 mill. kr. Det vert synt til at det er god kontroll på dei fleste budsjettområda, og at det ikkje blir rekneskapsunderskot for fylkeskommunen i 2015.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2015 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 10.08.2015

Gjeldande rapporteringsrutinar inneber at ein i tillegg til tertialrapportane til fylkestinga i juni og oktober skal ha rapportering til fylkesutvalet ved utgangen av månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. juni 2015.

Det vedlagde tabelloversynet, som viser rekneskapen etter 1. halvår, gjev ein peikepinn på utviklinga. Ved jamt forbruk gjennom heile året skal omlag 50% av budsjettet vera brukt ved halvårsskiftet. I hovudsak samsvarer rekneskapstala pr. juni med dette. På nokre område kan det variere noko kva tid på året store inntekts- og utgiftspostar vert førte. I desse tilfella vil det følgjeleg førekoma avvik mellom rekneskap og budsjett.

I 1. tertialrapport til fylkestinget i juni rapporterte fylkesrådmannen at prognosen for 2015 var eit meirforbruk på 50 mill. kr for driftsbudsjettet totalt sett. I hovudsak er denne prognosen uendra. Dette med unntak av kapittelet for skatteinngang. Her har tala betra seg noko i høve til tala som prognosen pr. 1. tertial var basert på.

Årsprognosen pr. utgangen av juni er 40 mill. kr i meirforbruk. Dette gjev framleis grunn til noko uro over den økonomiske situasjonen. Eit rekneskapsunderskot for 2015 for fylkeskommunen er det likevel ikkje fare for. Dette grunna moglegheit for å stryka budsjettmidlar som er sett av til investeringar.

Under følgjer ein kort gjennomgang av dei ulike sektorane og områda. Ein gjennomgang av driftsøkonomien, investeringar og eventuelle behov for budsjettjusteringar vil fylkesrådmannen kome attende til i 2. tertialrapportering pr. august til fylkestinget i oktober.

### Staus for dei ulike driftsområda

#### Område utan større budsjettavvik pr. juni

Innanfor funksjonsgruppene Politiske organ og administrasjon, Fellesfunksjonar, Tannhelse, Regional utvikling, Kultur og Idrett og Interne finansieringstransaksjonar er det pr. d.d. få risikofaktorar som kan føre til store avvik i forhold til budsjettet for 2015. Ut frå forbruk pr. juni og samanlikna med forbruk tidligare år ligg ein ikkje an til å få meirforbruk på desse områda.

#### Opplæring

Årsprognosen pr. 1. tertial for opplæringssektoren var budsjettoverskriding på 15 mill. kr. Det er ikkje nye opplysningar pr. d.d. som skal tilseie ei endring i denne prognosen. Fylkesrådmannen vil koma attende med ein grundigare prognose for sektoren etter 2. tertial. Då vil inntakstal for skuleåret 2015/2016 og andre moment som kan endre prognosen vera klårare. Tala etter fyrste halvår syner at opplæring har kontroll på økonomien, og forbruket er omlag halvparten av årsbudsjettet.

#### Fylkeskommunal næringsverksemd

Det er budsjettert med netto konsesjonskraftinntekt på 65 mill. kr i 2015. Kraftprisane har vore låge den siste tida, og det er ikkje teikn på at dei vil stiga med det første. Prognosen for 2015 er framleis ein svikt i desse inntektene i storleiken 15 mill. kr.

#### Samferdsel

I 1. tertialrapport var prognosen for året ei relativt stor overskriding. Hovudårsaka til dette var for det fyrste eit meirforbruk innanfor vegvedlikehaldet; mellom anna som følgje av uvær vinteren 2014/2015. Sekundært eit negativt avvik i kollektivsektoren som i hovudsak er grunna svikt i billettinntekter. Svikten kjem på trass av ei auke i billettinntektene samanlikna med 2014. Inntektsbudsjettet for 2015 har så langt vist seg å være noko optimistisk. Rekneskapstal pr. utgangen av juni gjev ikkje grunnlag for å endra prognosen for sektoren i denne rapporten. På utgiftssida innanfor samferdsel er det framleis godt samsvar mellom driftsbudsjett og rekneskap.

Fylkesrådmannen legg difor til grunn ein årsprognose som gjev eit meirforbruk innanfor samferdsel på

29 mill. kr. Fylkesrådmannen vil vidare følgje utviklinga innanfor samferdselssektoren, og kome med ei nærare vurdering i 2. tertialrapport.

#### Skatt og rammetilskot

I 1. tertialrapport vart det varsla om at skatteinngangen såg ut til å få eit negativt avvik på 10 mill. kr samanlikna med budsjettet. Det vart då rekna inn at Hordaland fylkeskommune ville få omlag 19 mill. kr i kompensasjon frå sentralt hald grunna svikt i skatteinntektene. Stortinget løyvde i samband med revidert nasjonalbudsjett 1,2 mrd. kr til kommunesektoren for å retta opp denne svikten.

Ser ein på faktisk skatteinngang pr. utgangen av juni, og korrigerer for stipulert inntektsutjamning, har ein fått inn omlag det som er budsjettert. Grunna denne positive utviklinga i skatteinngangen sidan førre rapportering vert det ei justering av årsprognosen på dette området pr. juni; frå eit negativt avvik på 10 mill. kr til balanse. Totalt er budsjettet for frie inntekter på 6 mrd. kr. Eit usikkert moment som vil kunne påverke dette kapittelet er ei meir negativ utvikling i arbeidsløysa enn forventa.

#### Renter og avdrag

For dette området er framleis prognosen at fylkeskommunen får ei netto innsparing i renter og avdrag på 15 mill. kr. Dette slik som meldt i 1. tertialrapport.

#### Oppsummering

Alle sektorar og område oppsummert gjev ein årsprognose lik eit meirforbruk på 40 mill. kr som vist i tabellen nedanfor.

**Tabell med status pr. 30. juni etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)**

	Rekneskap jun. 2015	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud	Prognose budsj.avvik	Rekneskap jun. 2014	Prognose budsj.avvik Pr 1. tertial
<b>Politiske organ og adm.</b>						
Kostnader:	144 659	301 792	47,9 %		155 819	
Inntekter:	-14 943	-13 758	108,6 %		-13 865	
<b>Netto</b>	<b>129 716</b>	<b>288 034</b>	<b>45,0 %</b>	<b>0</b>	<b>141 954</b>	<b>0</b>
<b>Fellesfunksjonar</b>						
Kostnader:	4 649	136 621	3,4 %		9 037	
Inntekter:	262	-13 566	-1,9 %		-20 612	
<b>Netto</b>	<b>4 911</b>	<b>123 055</b>	<b>4,0 %</b>	<b>4 000</b>	<b>-11 575</b>	<b>3 000</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	1 508 170	3 151 128	47,9 %		1 488 942	
Inntekter:	-235 413	-358 692	65,6 %		-215 109	
<b>Netto</b>	<b>1 272 757</b>	<b>2 792 436</b>	<b>45,6 %</b>	<b>-15 000</b>	<b>1 273 833</b>	<b>-15 000</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	149 775	292 679	51,2 %		137 288	
Inntekter:	-51 454	-108 044	47,6 %		-55 150	
<b>Netto</b>	<b>98 321</b>	<b>184 635</b>	<b>53,3 %</b>	<b>0</b>	<b>82 138</b>	<b>0</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	103 356	214 430	48,2 %		108 682	
Inntekter:	-109 993	-130 505	84,3 %		-138 179	
<b>Netto</b>	<b>-6 637</b>	<b>83 925</b>	<b>-7,9 %</b>	<b>0</b>	<b>-29 497</b>	<b>0</b>

<b>Fylkeskom. næringsverksemd</b>						
Kostnader:	30 209	50 000	60,4 %		33 591	
Inntekter:	-63 789	-138 300	46,1 %		-80 089	
<b>Netto</b>	<b>-33 580</b>	<b>-88 300</b>	<b>38,0 %</b>	<b>-15 000</b>	<b>-46 498</b>	<b>-15 000</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	1 450 167	2 908 638	49,9 %		1 340 934	
Inntekter:	-519 579	-1 070 696	48,5 %		-646 763	
<b>Netto</b>	<b>930 588</b>	<b>1 837 942</b>	<b>50,6 %</b>	<b>-29 000</b>	<b>694 171</b>	<b>- 29 000</b>
<b>Kultur</b>						
Kostnader:	149 540	323 435	46,2 %		172 372	
Inntekter:	-22 966	-149 312	15,4 %		-42 845	
<b>Netto</b>	<b>126 574</b>	<b>174 123</b>	<b>72,7 %</b>	<b>0</b>	<b>129 527</b>	<b>1 000</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-3 264 099	-5 951 000	54,8 %		-3 121 980	
<b>Netto</b>	<b>-3 264 099</b>	<b>-5 951 000</b>	<b>54,8 %</b>	<b>0</b>	<b>-3 121 980</b>	<b>-10 000</b>
<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	99 172	570 400	17,4 %		98 004	
Inntekter:	-34 037	-57 250	59,5 %		-43 044	
<b>Netto</b>	<b>65 135</b>	<b>513 150</b>	<b>12,7 %</b>	<b>15 000</b>	<b>54 960</b>	<b>15 000</b>
<b>Interne finansieringstransaskj</b>						
Kostnader:		102 000	0,0 %		130 262	
Inntekter:		-60 000	0,0 %		-130 262	
<b>Netto</b>		<b>42 000</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0</b>		<b>0</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-676 314</b>			<b>-40 000</b>	<b>-832 967</b>	<b>-50 000</b>